



Hatshepsut regjerte som kvinneleg farao i nærmere 20 år. Ho var ei av fleire sentrale kongelege kvinner under Det nye riket, og kan ha virka som ein katalysator for kvinner sine rettar i samfunnet. Statuen er utstilt i Metropolitan museum i New York. FOTO: Reinert Skumsnes

# Det gamle Egypt vaknar til liv

I gamle egyptiske familie- og kjønnskonstellasjoner finn me att kjende mønster.

**Viten**

Reinert Skumsnes stipendiat ved Senter for Tverrfaglig Kjønnsforskning ved Universitetet i Oslo

Oppdatert: 24.jun. 2014 10:01

I landsbyen Deir el-Medina, som var full av liv for cirka 3200 år sidan då imperiet Egypt var verdas midte, kan ein framleis vandre gatelangs. Husa er små og står tett i tett. Ein kan gå inn i hus og rom. Ein kan sette seg på ein sengekant, plukke opp ein gjenstand på golvet – kanskje ein gammal spegel med namnet til eigaren på skafset. Like utanfor landsbyen ligg gravplassen. Her kan ein gå inn i dei mange kammera. På veggene er menneska avbileta, og på golvet kan ein finne fleire gjenstandar – kanskje ei hovudstøtte, eller kanskje ein kjortel.

I mellom landsbyen og gravplassen ligg det ein brønn. I akkurat denne brønnen har arkeologar funne fleire hundre steintavler med personlege tekstar. Tekstane er i all hovudsak brev og rettsdokument som gir innblikk i forhold til familie og blant naboar.

## Familien

I et av husa budde kvinne Naunakht. Naunakht var gift for andre gong, men alle hennar åtte barn var frå første ekteskap. Kvinnen vart gamal, og i testamentet hennar står det: «Eg er ei fri kvinne av landet til farao. Eg har tatt meg av desse åtte borna, gitt dei mat og klede, og dei har hatt det dei trengte. Men sjå, no er eg vorte gamal, og dei ser ikkje til meg. Den av dei som har hjelpt meg, vil eg gje av min eidegom, men dei andre får ingenting».

Kvinnen skulda fire av barna for ikkje ha brydd seg når ho trengte det som mest, og konsekvensen var at desse vart gjort arvelause.

Lenger opp i gata budde enka Renenefer. Renenefer var barnlaus, men ho var ikkje aleine. Saman med ho budde ei tenestekvinne og hennar tre barn. Det er godt mogleg at enka var stemor til barna, men det vert berre spekulasjonar. Det me veit er at dei tre barna vart adoptert av enka, og den eldste av jentene vart gift med enka sin bror. I testamentet

til Renenefer vert barna sin omsorg for ho nemnt eksplisitt som grunn til adopsjon. Saman arvar barn og bror alle eidegomane til enka.

Alt i alt budde det på det meste kring 400 menneske i landsbyen, og alle kjente kvarandre. Dei utgjorde arbeidarklassen i samfunnet. Mennene var i det store og heile arbeidsmenn i kongenes dal, der arbeidet gjekk ut på å lage og utsmykke kongen sitt gravkammer. Mennene var delt i to grupper, og jobba skift på ti dagar om gongen.

Slik var det kvinnene som på det jamte var i flirteil i landsbyen. Dei møttest på gata, og kanskje sladra dei om Paneb sine siste erobringar. Paneb kjenner me godt, som arbeidsformann, men også som ein rundbrennar. Som arbeidsformann var han ikkje særlig godt likt, men kvinnene virka å ha hatt eit godtauge til han. Han skal ha forført fleire av kvinnene i landsbyen, og var mulig ein direkte orsak til at fleire ekteskap enda i skilsmisse.

Ei av desse skilmissene kjenner me frå eit rettsdokument der ektemannen skilde seg frå kvinna Hel. Vidare står det at mannen betalte kvenna eit månadleg bidrag, i korn, over ein tidsperiode på tre år. Kvinnen på si side sydde klede til mannen.

## Sjølvstendige kvinner

Ved sida av oppgåver knytt til heimen, utførte kvinnene tenester for kvarandre. Dei vanligaste var knytt til produksjon av mat og klede. Mange brev og mindre notisar er bestillingar av ulike varer og tenester, men kvinner kunne også administrative oppgåver.

I denne tidsperioden hadde dessutan mange kvinner ei rolle i tempelet, og dette gav høve til å danne nettverk, skape alliansar, og gjerne tene si eiga inntekt. Fleire av kvinnene hadde også leiarroller, og ofte hadde ektemannen ein tilsvarande leiande presteposisjon. Slik eksisterte

hierarki av menn og kvinner side om side, også utanfor heimen. Overlappning mellom dei ulike hierarkiene eksisterte også, og ei kvinne med namnet Herere er eit godt eksempel på dette. Ho hadde overoppsyn for matrasjonane til landsbyen (Deir el-Medina), og i eit kvast brev til militærkapteinen Peseg skriv ho: «Kva er det eg hører angåande landsbyen? Kvifor har du ikkje sendt bestillinga som eg sa du skulle? Gjer det med det same!»

Kvinner hadde og ei rolle i det juridiske systemet. I dette systemet var statsministeren, kjent som visir, øvste mynde, og under han var det ein statleg domstol og mange lokale. Den lokale domstolen i landsbyen Deir el-Medina er velkjent, og i eit av dei overlevande rettsdokumenta er to kvinner nemnt som del av eit dommarkollegium på fem.

Det var langt meir vanleg at kvinner var ein av partane i saken. I ein av desse sakene vert kvinnen Erenofre skulda for å ha nyttet seg av ei anna kvinne sine midlar. Rettsprosessen er grundig, og fleire vitne var avhørt – menn, så vel som kvinner. Alle avla eid og gjorde seg skuldige i 100 piskeslag (!) dersom dei ikkje snakka sant. Det var ikkje forskjell på mann og kvinne.

Ei anna sak kastar lys særleg over forholdet mellom mann og kvinne. Ei kvinne skulda ektemannen for mishandling. Svigermor er vitne, og ektemannen vert funnen skuldig. Dessverre kjemmar me ikkje til konsekvensane av rettskjenningsa, eller korleis samfunnet sanksonerte. Likevel, dokumentet tyder på at problemstillinga var aktuell i tida/landsbyen, og at samfunnet offisielt var negativ til vold mot kvinner.

## Aktuelt også i dag?

I tid er det gamle Egypt fjern, men går ein litt nærmare i keldene, ser, les og tolkar, vil ein snart sjå at tema og problemstillingar ikkje er langt frå våre eigne. Ein ser at

både menn og kvinner gifta seg fleire gongar gjennom eit livsløp, og moderne familiekonstellasjoner med barn frå ulike forhold var ikkje uvanleg. Det er også eksempel på barn som vaks opp med foreldre av same kjønn.

Dersom ein ikkje kunne få eigne barn var det andre alternativ. Blant anna var adoptsjon ei formell handling som likestilte den/dei adopterte med ektefødde born.

Biologisk avkom var altså ikkje avgjerande, men snarare gjensidige forpliktingar, som tryggleik ved sjukdom, alderdom, og død. Dette er kjent som generasjonskontraktar, og var dåtidas velferdssystem.

Dette velferdssystemet fungerte godt, og baserte seg blant anna på retten til arv frå foreldra. Både biologiske og sosiale barn var foreldra sine rettmessige arvingar, men arv var ikkje sjølvsgatt. Menn og kvinner lagde testamente og fordelte felles og individuelle eigedomar slik dei sjølv fann best.

Mange sentrale kvinnelege skikkelsar, som blant anna den kvinnelige faraoen Hatshepsut, kan ha virka som katalysator for kvinner sine rettar. Kan det ha vert ei feministbølgje i det egyptiske samfunnet?

Det var verken likestilling eller eit ein tydig kjønnshierarki, men derimot mange ulike kjønnskonstellasjoner, og kjønnsnøytralitet er ein av desse. Det kanskje beste eksempelet på dette er faraoen Akhenaten, som i både to- og tredimensjonal kunst er framstilt med svært feminine trekk. Han har fyldige lepper, bryster og hofter, men også skjegg. Assosiasjonane til Conchita Wurst (Thomas Neuwirth), kjent frå Eurovision 2014, er til å ta og kjenne på.

Fleire millenium vert fort ein bagatell når det gamle Egypt vaknar til liv.

Publisert: 23.jun. 2014 23:51

## VIS KOMMENTARER

### SISTE FRA VITEN



**Det gamle Egypt vaknar til liv**



**Våre fjerne slektninger i Himalaya**



**Når pappa er i fengsel**



**Ja til mer langsiktighet og dristighet i forskning**



**- Klimaendringer påvirker både fisk og sjøfugl**



**- Forskernes frihet er ikke bare borte, den er blitt negativ**

### OM AFTENPOSTEN VITEN

Viten er Aftenpostens satsing på forskning og vitenskap, der forskere fra hele landet bidrar med artikler, debatt og essays.

Vil du bli Viten-forfatter? Vi søker forskere og akademikere innen alle fagfelt som vil skrive om egen forskning eller formidle aktuelt vitenskapsstoff.

Kontakt [mina@aftenposten.no](mailto:mina@aftenposten.no)

### OM FORFATTEREN

Reinert Skumsnes er historikar, president i Norsk Egyptologisk Selskap, og stipendiat ved Senter for Tverrfaglig Kjønnsforskning ved Universitetet i Oslo.

#### Vidare lesing:

McDowell, A. G. (2001). Village life in Ancient Egypt. New York, Oxford University Press Inc.

Toivari-Viitala, J. (2001). Women at Deir el-Medina. Leiden, Nederlands Instituut voor het Nabije Oosten.

Skumsnes, R. (2009). Kvinner i det gamle Egypt - Ein komparativ studie. MA. University of Bergen. <https://bora.uib.no/handle/1956/3341?language=no>